



Fjord  
kommune

# Ruspolitisk handlingsplan 2021 – 2024



*Vedtatt i Fjord kommunestyre 24.06.2021 – sak 058/21*

## Innhald

1. Innleiing .....	3
1.1 Låg alkoholbruk er indikator for god helse.....	3
2. Lovgrunnlaget for rusmiddelpolitikken .....	4
3. Rusmiddelsituasjonen .....	4
3.1 Fakta om levekår i Fjord .....	4
3.2 Rusmiddelsituasjonen i Norge.....	4
3.2.1 Alkohol.....	5
3.2.2 Narkotiske stoff .....	5
3.2.3 Vanedannande legemiddel.....	6
3.3 Omsetnad av alkohol i Fjord kommune .....	6
3.4 Ungdata .....	7
3.5 Rapport frå politiet.....	9
4. Samhandling .....	9
4.1 Kommunen .....	9
4.2 Spesialisthelsetenesta .....	9
4.3 Andre .....	10
5. Mål.....	10
6. Tiltak .....	11
Kjelder .....	12

Vedlegg:

Alkoholpolitiske retningslinjer for Fjord kommune 2020 – 2024  
vedtatt i Fjord kommunestyre 25.06.2020

# 1. Innleiing

Dette er ein ny ruspolitisk handlingsplan for Fjord kommune.

Planen ber med seg trekk frå tidlegare planar:

Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Norddal kommune 2016 – 2020 (vedteken 23.03.16) og  
Rusmiddelpolitisk handlingsplan Stordal kommune 2016-2020 (vedteken 14.09.16).

Alkoholova § 1-7d. pålegg kommunen å utarbeide ein alkoholpolitisk handlingsplan.

Denne skal reviderast i starten av kvar kommunestyreperiode og gjeld for fire år i gongen. slik at det sitjande kommunestyret i fire-årsperioden kan styre den kommunale alkoholpolitikken med retningsliner for løyvetildeling, førebyggjande innsats og ressursar for oppfølging av personar med rusproblem. Planen skal vere retningsgivande ved førebuing av saker til politisk behandling og ved tildeling av sals- og skjenkeløyve.

Alkoholova har som føremål å avgrense dei samfunnsmessige og individuelle skadane som alkoholbruk kan medføre.

Den overordna målsettinga for rusmiddelpolitikken er å førebygge og redusere dei negative konsekvensane ved bruk av alkohol og andre rusmiddel for den enkelte og omgjevnadane. Dette må og vere det overordna målet for den lokale rusmiddelpolitikken.

Det er fleire omsyn som må takast i den lokale rusmiddelpolitikken, som både gjeld folkehelse og næring. Alkohol er ei lovleg omsett vare Kommunen sin rusmiddelpolitikk vil vere eit uttrykk for dei ansvarlege si vektlegging av desse ulike omsyna.

## 1.1 Låg alkoholbruk er indikator for god helse

Norge har forplikta seg til å oppnå FN sine 17 berekraftsmål. Måla skal utrydde fattigdom, motverke ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030.



Rusmiddelpolitikk er relevant i forhold til FN sitt berekraftsmål nr 3 – om god helse og livskvalitet. I den store samanhengen vil også andre berekraftsmål vere relevante, men det er dette berekraftsmålet som går direkte på rusmiddelbruk. Berekraftsmålet God helse og livskvalitet ligg i den sosiale dimensjonen av berekraft.

Det konkrete delmålet er slik: «3.5 Styrke forebygging og behandling av misbruk, blant annet av narkotiske stoffer og skadelig bruk av alkohol». Innbygarane sin alkoholbruk er nytta som indikator for dette delmålet.

## 2. Lovgrunnlaget for rusmiddelpolitikken

Lovverket pålegg kommunen å løse ei mengd oppgåver innan rusmiddelfeltet. Dei viktigaste lovene er:

- **Alkoholova**, [Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v.\(alkoholloven\)](#), regulerer all import og omsetnad av alkoholholdig drikk. Lova slår fast at alkohol er ei lovleg vare. Føremålet med lova er i størst mogleg grad å avgrense dei samfunnsmessige og individuelle skadane som alkoholbruk kan medføre. Avgrensing av forbruket er difor ei av målsetjingane, og kommunane vert oppmoda om å ha lova sitt føremål i tankane ved utforming av den totale kommunale alkoholpolitikken.
- **Helse- og omsorgstenestelova**, [Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. \(helse- og omsorgstjenesteloven\)](#), stiller krav om at kommunen skal drive generell førebyggjande verksemd ved å gjere seg kjent med levekåra i kommunen, vise særleg merksemd til utviklingstrekk som skaper eller opprettheld sosiale problem, og søke å førebyggje desse.
- **Folkehelselova**, [Lov om folkehelsearbeid \(folkehelseloven\)](#), har som formål å bidra til ei samfunnsutvikling som fremmar folkehelse og utjamnar sosiale helseskilnader. Lova seier at kommunen skal setje i verk naudsynte tiltak for å møte kommunen sine folkehelseutfordringar knytt til oppvekst og levekår, inklusiv alkohol- og rusmiddelbruk.

## 3. Rusmiddelsituasjonen

### 3.1 Fakta om levekår i Fjord

- Fjord kommune har 2502 innbyggjarar (01.01.2021).
- Kommunen har eit stort areal på 1191 km<sup>2</sup> fordelt på sju bygdelag.
- Det bur flest innbyggjarar i bygdene Stordal og Valldal.
- Alderssamansetninga syner ei aldrande befolkning og negativ befolkningsvekst.
- Fylkesstatistikken for 2020 syner at av befolkninga i Fjord kommune som er over 16 år har 23 prosent høgare utdanning (utover vidaregåande skule). Tilsvarande tal for Møre og Romsdal er 29 prosent og for landet 35 prosent. Prosentdelen er lågare for menn enn for kvinner.
- Fjord kommune har arbeidsløyse på 3,1 prosent (november 2020).
- Median bruttoinntekt ligg lågare enn elles i fylket.

### 3.2 Rusmiddelsituasjonen i Norge

Folkehelsereporten [Helsetilstanden i Norge 2018](#) er brukt som grunnlag for tala nedanfor.

Rapporten listar opp følgjande hovudpunkta som gjeld bruk av alkohol og andre rusmiddel i Norge.

- Vi drikk i gjennomsnitt nesten sju liter rein alkohol per år, rekna per innbyggjar over 15 år.
- Det registrerte forbruket auka kraftig frå 1990 og fram til 2008, men har deretter gått noko ned.
- Menn drikk oftare og i gjennomsnitt dobbelt så mykje alkohol som kvinner.

- Eldre drikk oftare, men mindre alkohol enn yngre.  
Vi drikk vesentleg mindre alkohol i Noreg enn i dei fleste europeiske land, rekna per innbyggjar frå 15 år og eldre.
- Bruk av alkohol og ulovlege rusmiddel er blant dei viktigaste risikofaktorane for død og tapte friske leveår i befolkninga.
- Alkohol er årsak til betydeleg meir helsemessige og sosiale problem i samfunnet enn narkotika. Det er ingen skarpe skilje mellom bruk og skadeleg bruk.
- Cannabis er det mest brukte narkotiske stoffet i den norske befolkninga.

### 3.2.1 Alkohol

Alkoholforbruket kan vi dele inn i to hovuddelar; den eine delen er det som blir kalla registrert forbruk, som inneheld sal frå daglegbutikkar, vinmonopol og skjenkestadar. Den andre delen er uregistrert forbruk, og dette omfattar taxfree-handel på flyplassar og ferjer og grensehandel i Sverige. I tillegg kjem kjelder som heimeproduksjon og ulovleg grensehandel og import (smugling).

Kvar innbyggjar i aldersgruppa 15 år og over forbrukar i gjennomsnitt 6,79 liter rein alkohol i året, det vil seie knapt sju liter. Denne mengda fordeler seg slik at knappe tre liter blir kjøpt på vinmonopol, vel tre liter blir kjøpt i daglegvarehandel og på utestadar og ca. 0,75 liter er såkalla uregistrert omsetning og er kjøpt i taxfree-butikkar, i Sverige og andre land.

Hovudtrekk frå befolkningsundersøkingar viser at

- Det er fleire kvinner, og fleire eldre, som drikk alkohol no enn tidlegare.
- Menn drikk oftare og i gjennomsnitt dobbelt så mykje alkohol som kvinner.
- Eldre drikk oftare, men mindre, enn yngre.
- Øl utgjer meir enn halvparten av forbruket til menn, mens vin utgjer vel 60 prosent av alkoholforbruket til kvinner.
- Éin av ti oppgir at dei har vore rusa i løpet av dei siste 12 månadene. Å drikke seg rusa er vanlegast i dei yngre aldersgruppene, og menn oppgir om lag dobbelt så mange rustiffelle som kvinner.
- Om lag to av ti oppgir at dei har drukke seks eller fleire einingar ved same høve dei siste 12 månadene. Denne andelen er om lag dobbelt så stor blant menn som blant kvinner.

I følge tal frå Statistisk Sentralbyrå finn vi at ein av tre innbyggjarar på Vestlandet drikk alkohol ein gong i veka eller oftare. Av innbyggjarane på Vestlandet er det tre prosent som har drukke seks eller fleire alkoholeiningar ved ein og same anledning vekentleg. Desse tala ligg så vidt under landssnittet.

Gjennomsnittleg debutalder for alkohol har halde seg stabil i Norge gjennom mange fleire tiår, ca 14,5 år, men variasjonane er likevel store.

Samanlikna med andre land har Norge eit relativt lågt alkoholforbruk. Samstundes har vi eit drikkemønster som blir kjenneteikna av at det blir nytt store kvantum når vi først drikk. Auken i alkoholkonsum, særleg blant den vaksne delen av befolkninga, blant kvinner og eldre, gir grunn til uro og må møtast med forsterka innsats.

### 3.2.2 Narkotiske stoff

Narkotika er definert som ulovleg rusmiddel. Det er difor ikkje noko register over omsetnaden av narkotika. Data om narkotikabruk i befolkninga blir henta frå årlege spørjeundersøkingar i regi av Folkehelseinstituttet i samarbeid med Statistisk sentralbyrå, og den europeiske skuleundersøkinga ESPAD. I tillegg blir det brukt beslagsstatistikk frå Kripas, som inneheld både toll- og politibeslag.

Nokre reseptbelagte legemiddel vert definert som rusmiddel og det førekjem ulovleg omsetjing av desse.

Cannabis er det mest brukte ulovlege rusmiddelet i den norske befolkninga. I aldersgruppa 16–64 år var det om lag éin av fem personar som oppgav å ha brukt cannabis i løpet av livet (2014-2016). Det er fleire menn enn kvinner som brukar cannabis, og det er størst utbreiing i gruppa 16-24 år.

Kokain er det nest mest brukte rusmiddelet, etterfølgt av ecstasy/MDMA og amfetaminar. Dette viser både undersøkingar i den generelle befolkninga og i utelivsbransjen.

I 2019 såg ein desse viktige utviklingstrekka:

- Auke i talet på narkotikasaker for første gong sidan 2014.
- Hasj blir stadig oftare beslaglagd og har høgare styrkegrad.
- Oftare beslag av store mengder kokain.
- Auka mengder av det opioidhaldige legemiddelet tramadol.
- Nedgangen i beslag av NPS held fram. (nye psykoaktive stoff)

Personar som er sprøytemisbrukarar i Norge har vore stabilt i mange år og ligg mellom 8000-10 000 brukarar.

### 3.2.3 Vanedannande legemiddel

Vanedannande legemiddel er legemiddel som blir brukt til medisinsk behandling, men som over tid kan føre til at pasienten blir avhengig av dei. Ein del pasientar brukar desse legemidla i store mengder og/eller over lengre tid enn det som er anbefalt. Dette kan få uheldige konsekvensar både for einskildpersonar og for samfunnet.

Vanedannande legemiddel omfattar hovudsakleg smertestillande (opioider), angstdempande legemiddel og sovemiddel. I 2019 året fekk ca. 1.2 millionar nordmenn over 18 år utlevert vanedannande legemiddel. Andelen ungdom 15-16 år som rapporterer at dei har brukt vanedannande legemiddel har det i dei seinare åra ligge stabilt mellom 10 og 14 prosent. Bruk av sovemiddel aukar med aldersgruppa, og det er ein større del kvinner enn menn som brukar smertestillande. Eldre brukar ofte mange legemiddel og er dermed meir utsett for biverknadar og interaksjonar.

## 3.3 Omsetnad av alkohol i Fjord kommune

Offentleg registrert omsetnad av alkohol i Fjord kommune skjer gjennom daglegvarebutikkar og bedrifter med skjenkeløyve.

### Definisjonar

- Alkoholfri drikk: inneheld under 0,7 % vol. (øl, cider)
- Alkoholsvak drikk: inneheld frå og med 0,7 til og med 2,5 % vol. (øl, vin, cider, rusbrus)
- Alkoholhaldig drikk **gruppe 1**: inneheld over 2,5 % og høgst 4,7 % vol. (øl, vin, cider, rusbrus)
- Alkoholhaldig drikk **gruppe 2**: inneheld over 4,7 % og under 22 % vol. (øl, svakvin, sterkvin)
- Alkoholhaldig drikk **gruppe 3**: inneheld mellom 22 % og 60 % vol. (brennevin)

### Omsett liter alkohol på salsstadar i Norddal/Stordal/Fjord 2012 – 2020

Det er 8 salsløyve i Fjord kommune per 1. januar 2021.

År	Norddal	Stordal	Fjord	Tilsaman
2012	110 847	58 013		168 860
2015	104 930	58 752		163 682
2016	102 537	54 415		156 952
2017	123 509	51 627		175 136
2018	121 641	46 698		168 339
2019	118 092	41 882		159 974
2020			178 163	178 163

### Omsett liter alkohol ved skjenkestadar i Norddal/Stordal/Fjord 2012 – 2020

Det er 17 skjenkeløyve i Fjord kommune per 1. januar 2021.

Omsett liter alkoholhaldig drikk, gruppe 1-3	2012	2014	2016	2018	2019	2020
Norddal	17 658	19 579	19 773	24 329	34 141	
Stordal	5 838	3 552	5 574	5 199	1 773*	
Fjord						21 380
<b>Totalt</b>	<b>23 496</b>	<b>23 131</b>	<b>25 347</b>	<b>29 528</b>	<b>35 914</b>	<b>21 380</b>

\*ufullstendig, nokre innmeldingar manglar

Tal frå 2020 viser nedgang i skjenking og auke i sal, noko som forklarast med restriksjonar i samband med koronapandemien.

Tal frå 2016 viser at alkoholforbruk gjennom sal frå daglegvarebutikkar og vinmonopol er høgare i tidlegare Norddal kommune (5,4 l) enn i heile landet (5,0 l). Det er grunn til å tru at dette har samanheng med fritidsbustadar og dei auka besøkstala frå turisttrafikken som går gjennom kommunen i sommarsesongen. Tal for Stordal for same periode er ikkje oppgitt.

## 3.4 Ungdata

Ungdata er eit spørjeskjemabasert verktøy som gjev eit breitt bilde av korleis ungdom har det og kva dei driv med i fritida. Det er Ungdatasenteret/OsloMet og KoRus - Midt som står bak undersøkinga som blir gjennomført på skular over heile landet. Det blir nytta eit standardisert og kvalitetssikra spørjeskjema.

Undersøkinga vart gjennomført mellom ungdomsskuleelevane i Fjord kommune våren 2020. Vi har ikkje gjennomført undersøkinga for elevar frå Fjord som går på vidaregåande skule, men nedanfor viser vi til tal for vidaregåande skular i Stranda og Ålesund, sidan fleirtalet av ungdommane i aldersgruppa 16-19 år frå Fjord går på skule desse stadane.


### Alkohol

Som vi ser av svara på spørsmåla nedanfor så er det få av ungdomsskuleelevane som har erfaring med alkohol. 85 prosent får ikkje lov av føresette til å drikke alkohol. Tala ligg over landssnittet.


**Hender det at du drikk noka form for alkohol?  
Prosent i Fjord kommune og nasjonalt**



**Får du lov av dine foreldre/føresette til å drikke alkohol? Fjord kommune og nasjonalt**



**Kor mange gonger i løpet av det siste året har du vore rusa på alkohol? Fjord kommune og nasjonalt**



” På ungdomsskulen har dei færreste byrja å drikke alkohol

Når vi ser på tala for vidaregåande skular (Ålesund og Stranda) viser dei ei endring.

- For medan det i ungdomskulealder er 65 prosent av elevane som aldri har smakt alkohol, er tala for elevar på vidaregåande gått ned til 20-24 prosent.
- Tala viser også at det er 36-41 prosent av elevar i vidaregåande opplæring som drikk alkohol jamleg/minst 1-3 gongar i månaden, medan dette gjeld 8 prosent av ungdomsskuleelevane i Fjord.
- Tala viser ein tydeleg skilnad mellom elevar i 10. klasse i Fjord der 81 prosent oppgir at dei aldri har smakt alkohol/smakt nokre få gongar – og til tilsvarende tal for elevar i vg1 som har gått ned til 44-53 prosent.

Dette viser ei tydeleg endring i overgangen frå grunnskule til vidaregåande skule.

*Narkotika*

Det er heller ikkje oppgitt bruk av narkotika mellom elevane på ungdomsskulen.



99 prosent har aldri brukt hasj eller marihuana, mot 96 prosent elles i landet. For dei vidaregåande skulane i Stranda og Ålesund går talet for ungdom som aldri har brukt desse narkotiske stoffa ned til 87-92 prosent.

7 prosent av ungdomsskuleelevane i Fjord har fått tilbod om hasj eller marihuana ein eller fleire gongar det siste året, medan talet for elevar på vidaregåande skule er 25-34 prosent.

### 3.5 Rapport frå politiet

Tal er henta frå systemet PAL for straffesaker og dekkjer tidlegare Norddal og Stordal kommunar og noverande Fjord kommune.

Det er låge og stabile tal over ein treårsperiode. I 2020 vart det registrert totalt 49 straffesaker, der 8 av desse gjeld vald, narkotika og rus. Det er ingen saker som gjeld ro og orden.

I 2018 var det registrert 37 straffesaker totalt, og i 2019 var det 53.

## 4. Samhandling

Samhandling mellom ulike aktørar er ein føresetnad for å lukkast i rusførebyggande arbeid og i behandling av personar med rusmiddelrelaterte problem.

### 4.1 Kommunen

Kommunen har eit heilskapleg ansvar. Folkehelselova er overordna og formålet med lova er å bidra til ei samfunnsutvikling som fremmer folkehelse og utjamnar sosiale helseforskjellar. Kommunen har eit stort ansvar i dette arbeidet. Helse- og omsorgstenestelova stadfestar kommunen sitt ansvar for å førebygge sjukdom, skade og sosiale problem og å tilby tenester også i forhold til rusmiddelproblematikk. Brukaren sine rettar i forhold til tenester frå kommunen er nedfelt i pasient og brukarrettslova. NAV-lova og helse- og omsorgstenestelova gjev kommunen eit grunnleggande ansvar knytt til å yte generelle velferdstenester som økonomisk bistand, aktivitets- og kvalifiseringstiltak, rett til midlertidig butilbod med meir. Barnevernslova gjev kommunen ansvar for tiltak for barn og unge som er skadelidande av foreldra sin rusmisbruk og dersom dei sjølve har utfordringar med rusmiddelbruk. Barnehage og skule har eit ansvar for å identifisere, hjelpe og samarbeide med barn/familiar som har rusmiddelrelaterte problem, jf. lover og forskrifter innan området.

Alkohollova sitt formål er å avgrense samfunnsmessige og individuelle skader av alkoholbruk og avgrense forbruket av alkoholhaldige drikkevarer. Kommunen har ansvar for å utarbeide alkoholpolitisk handlingsplan og å forvalte sals- og skjenkeløyver og føre kontroll med desse.

### 4.2 Spesialisthelsetenesta

Lov om spesialisthelsetenesta regulerer ansvaret til spesialisthelsetenesta. Spesialisthelsetenesta har eit forsterka ansvar for å fremme helse og førebygge skade/sjukdom i forhold til si målgruppe, og å fokusere på folkehelse gjennom overvaking av helsetilstand og kunnskapsdeling. Vidare har dei ansvar for å behandle rusmiddelproblematikk gjennom tilbod om tverrfaglig spesialisert behandling (TSB) i og utanfor institusjon, akutthjelp og gjennom inntak i Legemiddelassistert rehabilitering (LAR). Pasienten sin rett til behandling følger av pasient- og brukarrettslova og prioriteringsforskriftene. Retten vert vurdert av vurderingseiningar lagt til spesialisthelsetenesta. Fastlege og kommunal helse og omsorgsteneste kan tilvise til slik vurdering.

### 4.3 Andre

Det offentlege kan ikkje løyse utfordringane innan rusfeltet aleine. Familie og føresette, venner og naboar er viktige brikker i å skape eit trygt oppvekstmiljø og eit lokalsamfunn der alle er inkludert. Frivillige lag og organisasjonar gjer ein viktig innsats i dette arbeidet. Aktørane som har sals- og skjenkeløyve, og dermed står for det daglege salet av alkohol, er også sentrale medspelarar.

**«Det trengs ein heil landsby for å oppdra eit barn.»** (afrikansk uttrykk)

## 5. Mål

### *Hovudmål*

Hovudmålet for Fjord kommune sin rusmiddelpolitikk er å førebygge rus og redusere dei samla rusmiddelskadane og belastningane rusmisbruk fører med seg. Arbeidet skal ha eit særleg fokus på barn og ungdom og rusmiddel i et folkehelseperspektiv.

### *Delmål*

- Lokalt tilpassa alkoholpolitikk  
Fjord kommune skal ha ein løyvepolitikk som sikrar god regulering av tilgangen til alkohol og medverkar til at løyvehavarane opptre ansvarleg og har god internkontroll.
- Førebyggjande arbeid mot barn og unge  
Fjord kommune skal hjelpe ungdom med å etablere vanar med sosialt samvær på fritida utan bruk av rusmiddel. Fjord kommune skal drive aktivt haldningsskapande arbeid og skape auka forståing for den rolla vaksne har som førebilde for barn og unge.
- Tidleg innsats mot risikogrupper  
Fjord kommune skal sjå til at barn får ein trygg oppvekst utan negative konsekvensar av rusbruk i familien eller nær omgangskrins.
- Styrking og samordning av kommunale tenester  
Fjord kommune skal samarbeide med andre aktørar innan rusfeltet for å tilby eit effektivt og langsiktig behandlingssopplegg for personar som har problem knytt til rusmiddelbruk.
- Gode oppfølgingstenester mot risikogrupper
- Styrke butilbodet for rusavhengige

## 6. Tiltak

Tiltak	Når	Ansvar
Løyvehavarane pliktar å gjennomføre kurs om ansvarleg vertskap innan eitt år etter løyvetildeling. <a href="#">Ansvarleg alkoholhandtering - Helsedirektoratet</a>	kontinuerleg	løyvehavarane
Alle løyvehavarane pliktar å ha gode system for internkontroll.	kontinuerleg	løyvehavarane
Samhandlingsmøte mellom kommunen og næringa for å sikre ein god dialog om sals- og skjenkeløyve og praksis i næringa. Løyvehavarane pliktar å delta.	kvart 2. år	fellestenestene, folkehelse, løyvehavarane
Tverrfagleg forum for førebyggjande arbeid i Fjord	møte 2 - 4 gongar i året	folkehelse
Oversiktseminar for rusarbeidet i samarbeid med KoRusMidt. Tverrfagleg, internt i kommunen.	hausten 2021	folkehelse
Ungdata-undersøking	kvart 3. år	folkehelse
Utarbeide bustadsosial handlingsplan	2021	helse, omsorg og velferd
MOT – for ungdomsskuleelevar og føresette	kontinuerleg	oppvekst
Bruke Livet&Sånn – undervisningsmateriale om folkehelse og livsmestring i skulen	kontinuerleg	oppvekst
Legge til rette for rusfrie arenaer for barn og unge	kontinuerleg	kultur, oppvekst ungdomsklubbane, lag/organisasjonar
Supersommar (sommarskule og dagsturar)	sommar	kultur, oppvekst
Informasjon til gravide og småbarnsforeldre	kontinuerleg	helsestasjon/lege
Auke kunnskap om rus i det kommunale tenesteapparatet	kontinuerleg	helse, omsorg og velferd, oppvekst
Kriminalitetsførebyggjande arbeid	kontinuerleg	politirådet, helse, omsorg og velferd, oppvekst, kultur, folkehelse, næring

## Kjelder

Lowverk      Alkohollova [https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1989-06-02-27/KAPITTEL\\_1#%C2%A71-1](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1989-06-02-27/KAPITTEL_1#%C2%A71-1)  
Folkehelselova <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-29?q=lov%20om%20folkehelsearbeid>  
Helse- og omsorgstenestelova  
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-30?q=lov%20om%20kommunale%20helse%20og>

Folkehelseoversikt for Fjord kommune <https://www.fjord.kommune.no/f/p51/id0f96faa-8449-4304-a0b5-e4725b919950/folkehelseoversikt-2019-2023.pdf>

Forebygging.no kunnskapsbase [forebygging.no](https://forebygging.no)

Helsetilstanden i Norge 2018. Folkehelse rapporten. <https://www.fhi.no/nettpub/hin/levevaner/alkohol-og-andre-rusmiddel--folkehe/?term=&h=1#datagrunnlag>

Kommunefakta SSB <https://www.ssb.no/kommunefakta/fjord>

Kommunehelsa statistikkbank <http://khs.fhi.no/webview/>

Kommunestatistikk, fylkesstatistikk, Møre og Romsdal fylkeskommune  
<https://mrfylke.no/naering-og-samfunn/statistikk-analyse-og-kart/kommunestatistikk>

Politikontakt for Fjord kommune

Regjeringa: 2030-agendaen med bærekraftsmålene  
[https://www.regjeringen.no/no/tema/utenrikssaker/utviklingssamarbeid/bkm\\_agenda2030/id2510974/](https://www.regjeringen.no/no/tema/utenrikssaker/utviklingssamarbeid/bkm_agenda2030/id2510974/)

Statistisk Sentralbyrå

Ungdata Møre og Romsdal <https://www.ungdata.no/rapporter/?fylke=15#theform>

*Framsidedfoto: Andreas Winter*